



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
20.05.2016  
Dykkar dato  
26.04.2016

Vår referanse  
2016/5728 421.3  
Dykkar referanse  
16/658

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Radøy - Gnr. 24 Bnr. 312 - Bø - Uttale til dispensasjon til oppføring av flytebryggje**

Vi viser til brev av 26.04.2016 med høringsfrist 25.05.2016.

Saka gjeld søknad om oppføring av kai på 4,5 x 7 meter og oppføring av flytebryggje på 3 x 4 meter. Tiltaket er knytt til eksisterande naust. Eigedomen ligg i uregulert område med arealformål friområde på land og hamneområde i sjø. Det er naudsnyt med dispensasjon fra arealføremål friområde og hamneområde, byggegrense mot sjø og frå krav til utarbeiding av reguleringsplan.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket ikkje er i tråd med formål verken på land eller i sjø. I tillegg er det plankrav i området. Det er naudsnyt med heile fire dispensasjoner for å realisere tiltaket.

Fylkesmannen er generelt negativ til nedbygging av strandsona, spesielt i område som er sett av til friområde. Dette av omsyn til friluftsliv, landskap og biologisk mangfold.

Tiltaket ligg i eit etablert naustområde der nokre naust også har brygger. Vi har registrert at det har vore fleire søknader om dispensasjon i området den siste tida. Det synest slik sett som det er behov for ein plan for å få vurdert kva som er tenleg arealbruk.

Kommunen arbeider også med ein ny kommunedelplan for området, og her har kommunen moglegheit til å gjere ei grundig vurdering av ynskja utvikling av området.

Ein dispensasjon i denne saka kan også føre til presedens i liknande saker i nærliken og kommunen elles.

Fylkesmannen meiner det er naturleg å vente med eit eventuelt løyve til kommunen har tatt stilling til ynskja utvikling av området i ein plan.

Fylkesmannen rår derfor ifrå dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*